

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 19.08.2016

SAKSHANDSAMAR: Ivar Eriksen

SAKA GJELD: **Honorar for varamedlem til revisjonsutvalet**

ARKIVSAK: 2015/1528

STYRESAK: **094/16**

STYREMØTE: **07.09. 2016**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Varamedlem til revisjonsutvalet får ei godtgjering på kr. 4.000,- per møte.
2. Samla godtgjering til varamedlem per kalenderår skal ikkje overstige den til ein kvar tid gjeldande sats for medlem til revisjonsutvalet.

Oppsummering

Det blir i saka fremma forslag til honorar til varamedlem av revisjonsutvalet.

Fakta

I samband med val av nytt revisjonsutval i styremøte 10. februar 2016, sak 017/16, gikk styret inn for at det i tillegg til utvalet sine tre faste medlemmer også blei oppnemnd eit varamedlem.

Det blei verken i saka eller i vedtaket sagt noko om kva godtgjering som skal gjelde når varamedlemmet møter i utvalet.

Kommentarar

Godtgjering til styremedlemmer og faste medlemmer av revisjonsutvalet blir fastsatt av føretaksmøte.

I føretaksmøte 12. januar 2016 gjorde føretaksmøtet følgjande vedtak:

Styregodtgjering for styremedlemmer i Helse Vest RHF vert fastsett til:

<i>Styreleiar</i>	<i>kr 251 000</i>
<i>Nestleiar</i>	<i>kr 168 000</i>
<i>Styremedlemmer</i>	<i>kr 122 000</i>

Varamedlemmer (for styremedlemmer vald av og blant tilsette) får ei godtgjering på kr 4 700 pr møte.

For revisjonsutvalets medlemmer vert det fastsett følgjande honorar:

<i>Revisjonsutvalets leiar</i>	<i>kr 32 000</i>
<i>Revisjonsutvalets medlemmer</i>	<i>kr 16 000</i>

Praksisen med at det ikkje skal gis økonomisk kompensasjon eller dekning av kostnader utover fastsett styregodtgjering, blir vidareført.

Revisjonsutvalet er normalt satt opp med fem møter per år. Med det som utgangspunkt kan ein velje å sei at varamedlem gis ein godtgjering på kr. 16.000 : 5 = kr. 3.200,- per møte. Samanlikna med nivå for varamedlem til styret kan ei slik sats framstå som noko låg, men sett hen til saksmengde, møtevarigheit med vidare, er det ikkje urimeleg at godtgjering til varamedlem til revisjonsutvalet blir sett noko lågare enn varamedlem til styret. Det blir likevel tilrådd at nivået blir justert opp til kr. 4.000,- per møte.

Dersom talet på møte i revisjonsutvalet blir utvida og varamedlemmet blir hyppig innkalla, vil ei løysing med godtgjering per møte på kr. 4.000,- kunne føre til at varamedlemmet opplever å få eit samla honorar som overstig ordinær godtgjering. Det blir tilrådd at dette blir løyst ved å

sei at godtgjeringa til varamedlem per år blir avgrensa oppad til den til ein kvar tid gjeldande sats for eit medlem til revisjonsutvalet.